

Styremøte Flora Turlag, 09. august 18.00 – 20.00

Deltakarar: Bengt, Anders, Kari-Anne, Sunniva, Toralf, Siv og Karen(referent).

1. Kajakknaust

Bengt har vore i møte med eigarar av eit eksisterande naust og blitt einig i om at vi skal prøve å få til en opsjonsavtale for kjøp slik at vi kan få en periode der vi jobbar med finansiering og støtte. Vi har signalisert at dagens prisantydning ligger langt over det som er realistisk for oss. Vi jobbar vidare med ein mulig opsjonsavtale for å leggje fram til godkjenning hos årsmøte dersom prisen er OK. Vedtak: Styreleiar forhandlar vidare

2. Moglegheit for samarbeid

Vi var en delegasjon på synfaring for potensielt samarbeid med grendelaget på ein av øyane. Dette vil i så fall bli lagt fram for godkjenning hos årsmøte. Vedtak: Styret er positive dersom vi kan gå inn utan store kostnader, med et prøveprosjekt.

3. Årsmøte 2022

Dato satt for årsmøte er torsdag 24. november. Styret tar orientering til vitande.

4. Tysdag- og onsdagsturar på dagtid

Har fått forslag om forlenging av tursesongen i øyane. Mest fokus på tur og kultur og for dei som ikkje ønskjer å gå veldig langt og fort. Det må ikkje krasje med eksisterande turar. Vedtak: Styret stillar seg positiv til dette og vi startar med ein prøveperiode i haust.

5. Kystdagen 2022

I år er det ny arrangør og nytt opplegg. Viktig for Flora Turlag rekruttering og profilering. Vedtak: Styret stillar seg positive til å delta med eit gjennomtenkt opplegg og minimum ein turledar.

6. Børabu

Hytta er klargjort, og leggjast ut så snart vi har spor. Vi har fått godkjenning av grunneigar til å legge ut digitale spor frå Strømsnesstøylen til Børabu. Vedtak: Styret tar orientering til vitande.

7. Kinn

Vi har engasjert ein snekkar med 15 punkt som han skal fikse ila. hausten. Anders setter frist i oktober. Signe har fått tilbud på fornying av kvitevarer. Vi er positive til å kjøpe dette inn, og søke midlar som kan bidra å dekke kostnaden. Hytta har hatt tilsyn hos E verket og vi har bestilt elektrisk til å utbetre småtinga som blei påpeika. Vedtak: Styret stillar seg positive til innkjøp og tar resten av orienteringa til vitande.

8. Gjejnabu

Skal bytte ei dør + ei plate framfor døra, prøver ein flyging i siste uka i august. Det jobbast vidare med sikringsbu. Vedtak: Styret tar orientering til vitande.

9. Blåbrebu

Skal ha opp en pipehatt, denne skal Stig lage og den flygast opp. I tillegg skal boss ned og ved og badstuovn opp. Vedtak: Styret tar orientering til vitande.

10. Handlingsplan

Styret tar ein grundig gjennomgang ved neste møte. Vedtak: Styret tar orientering til vitande.

11. Anna

- Styret vurderer å kjøpe inn ein satelitttelefon som vi kan sende med turleiarar der det trengs, gjerne i områder utan dekning. Vedtak: Styret er positive til eit slikt kjøp og Anders sjekkar ut alternativ.
- Litt utbering på toppen av trappa opp til Tjofjellet trengs. Vedtak: Styret tar orientering til vitande.